
Saksnr: 2021/19371-2
Saksbehandlar Ann Kristin Kjerland
Dato: 05.05.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Forbundet Kysten - Strategi for vern og bevaring av små og opne båtar

Forbundet KYSTEN leverte våren 2020 forprosjektrapporten *Verneplan for små og åpne båtar* (vedlegg 1). Forprosjektet var tinga og finansiert av Riksantikvaren.

Sidan 1978 har det offentlege vore involvert i fartøyvernet. Miljøverndepartementet er ansvarleg for feltet og frå 1989 fekk Riksantikvaren delegert mynde for fartøyvernet. Frå 2020 vart forvaltinga av flytande kulturminne overført til fylkeskommunane.

Frå 1989 har nemninga «verneverdig fartøy» vore i bruk, og etter ei lovendring i 2000 vart det mogleg å freda fartøy med særleg kulturhistorisk verdi. Omgrepet *fartøy* har i slik samanheng vore nytta om større, dekkta fartøy. Fartøy med vernestatus kan søka om tilskot frå det offentlege.

Forprosjektrapporten som ligg ved, ser på situasjonen for dei båtane som fell utanfor kategorien fartøy. I følgje Riksantikvaren er små og opne båtar «små tradisjonsbåtar, mindre fiskesjarker, fembøringer og større tradisjonsbåtar uten dekk». I *Verneplan for flytende kulturminner 2020-2023* utvidar Riksantikvaren fartøyvernfeltet til også å gjelde dei små og opne båtane. Det vil seie at det kan søkast om vernestatus og tilskot også til desse.

Vestland fylkeskommune vert no invitert med i arbeidet med å utvikla ein strategi for vernearbeidet (vedlegg 2). Forbundet KYSTEN definerer målet for strategien slik: «I 2023 skal kulturminneforvaltninga ha et grunnlag for å vurdere og bevare et representativt utvalg av små og åpne båtar.»

Fylkesdirektøren finn det rett at Vestland fylkeskommune deltek i utvikling av strategi for korleis små og opne båtar - og kunnskapen knytt til desse, best kan ivaretakast. Like eins korleis kulturminneforvaltninga kan bidra til å sikra vern av eit representativt utval av små og opne båtar som er i bruk.

Vedlegg

- 1 Rapport - Verneplan for små og åpne båtar - Forbundet KYSTEN
- 2 Invitasjon til deltaking i arbeid med strategi for vern og bevaring av små og opne båtar